



Wolff, Simon Rudolf

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3058 - 16/12888

Saksbehandlar:

Alexander Helle

alexander.helle@meland.kommune.no

Dato:

22.06.2016

Søknad om tilskot, klimavenleg byggeri, Klimasats 2016

Bakgrunnsnotat med grunngjeving for kvifor Meland kommune ynskjer å delta i eit interkommunalt nettverk for kompetanseheving og erfaringsdeling om klimavenleg byggeri:

Kvifor miljøvenleg byggeri i Meland

Meland kommune er ein del av byregionen Bergen, og er i sterk vekst. I ein kommune der det skal byggast mykje er det særst viktig med eit auka fokus på ei miljø- og klimavenleg byggeri. Meland kommunes klimaplan har som mål at ein skal ha ein utsleppsreduksjon på 20 % i forhold til dagens nivå innan 2020.

Konkret prosjekt i Meland

Kommunen er i gang med ei omfattande områderegeringsarbeid av Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Målet med reguleringsarbeidet er å utvikle Flatøy til ein urban tettstad i aksa Frekhaug (kommunesenter) – Knarvik (regionsenter). Det vert planlagt for rundt 3000 bustader og 75000m² næring i planområdet. Reguleringsarbeidet skjer i samarbeid med Vest Land Eigedom AS.

Eit av hovudmåla i planarbeidet er å leggje til rette for å utvikla Midtmarka til eit klima- og energieffektivt bustad- og næringsområde, og å utvikle eit område med miljøvennlege løysingar for transport, energi og avfallshandsaming.

Det skal lagast eit kvalitetsprogram for områdeplan for Midtmarka og Rotemyra. Programmet skal leggje føringar for kvalitetskrav i det framtidige detaljreguleringsarbeidet, og vil setje felles kvalitetsmål og retningslinjer for å oppnå gode, heilskapleg miljø- og bukvalitet i planområdet. Tema for arbeidet er mellom anna arkitektur, estetikk og materialval. Kvalitetsprogrammet skal forankrast i føresegner, og her kan ein konkretisera mål for klimavenlege løysningar.

Byregionsprogrammet

Meland kommune er, saman med kommunane Lindås, Fjell og Os, ein del av Byregionsprogrammet. *Robuste, bærekraftige sentre i felles bo og arbeidsregion* er tema for arbeidet, med spesielt fokus på næring, sykkel og bumiljø. I arbeidet med bumiljø er det eit mål at det skal få meir kunnskap om framtidens bustader og bumiljø, og utvikla kommunanes tettstadar til attraktive og berekraftige

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

buområde. På sikt kan det vera aktuelt å kopla dette programmet til arbeidet med utvikle ei regional ressursgruppe for miljøvennleg byggeri.

Med å delta i «interkommunale nettverk for kompetanseheving og erfaringsdeling» vonar Meland kommune å tilgang på spisskompetanse om berekraftig byggeri og materialval, og at denne kunnskapen kan overførast til og realiserast i konkrete prosjekt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Alexander Helle
arkitekt - arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Wolff, Simon Rudolf